


Tilrådingar om brukarinvolvering i tilsyn

Saman om betre tilsyn

HELSETILSYNET

tilsyn med barnevern, sosial- og helsetjenestene



RAPPORT FRA
HELSETILSYNET 2/2019

MARS
2019

Innhald

1: Rettslege rammer for brukarinvolvering i tilsyn	07
2: Korleis har vi jobba fram tilrådingane?	11
3: Tiltrådingane frå arbeidsgruppa	14
3.1 Styring og leiing	14
3.2 Kompetanseheving hos fylkesmennene og i Tilsynsskolen	16
3.3 Brukarråd i Helsetilsynet	19
4: Erfaringar frå utviklingsarbeid hos fylkesmennene	22
4.1 Samtalar med pasientar, brukarar og pårørnde i planlagt tilsyn	22
4.2 Brukarrepresentantar som fagrevisorar i tilsynsteam	28
4.3 Samtalar med pasientar, brukarar og pårørnde i tilsynssaker	31
4.4 Fylkesmannens møte med brukarorganisasjonar	38
4.5 Kommunikasjon og formidling i tilsyn	40
5: «Hvordan skal man snakke til dem, hørte jeg» – brukerrepresentanter reflekterer om brukarinvolvering i tilsyn	43
6: Erfaringer fra Arbeidsgruppen «Styrket involvering av pasienter, brukere og pårørende i tilsyn»	51
7: Sammendrag fra Sintefs rapport «Følgeevaluering av prosjekt Styrket involvering av pasienter, brukere og pårørende i tilsyn»	55
8: Ein milepåle er passert: oppsummering av Erfaringssamling for medarbeidarar hos fylkesmennene og Helsetilsynet november 2018	62
9: Vedlegg	64

Retten til å bli høyrd er grunnleggjande i eit demokratisk samfunn.

Helsetilsynets forord

Brukarinvolvering i tilsyn dreier seg om korleis Statens helsetilsyn og fylkesmennene møter dei som treng, får og har fått behandling og hjelp frå barnevernstenester, sosiale tenester og helse- og omsorgstenester.

Det dreier seg om korleis vi løyser samfunnsoppdraget vårt, kven vi som tilsynsorgan er til for, og korleis vi kan gjere betre tilsynsarbeid. Tilsyn skal vere verknadsfullt og gi betre tenester. Vi er til for borgarane: pasientar på sjukehuset, barn og unge som har tiltak frå barnevernet, dei som bur på sjukeheimar, folk som treng bistand frå den kommunale delen av Nav, og for personar med utviklingshemming med omfattande behov for bistand frå kommunale helse- og omsorgstenester. Det dreier seg også om pårørande som ønskjer å støtte og hjelpe sine med å ta hand om rettane dei har.

Retten til å bli høyrd er grunnleggjande i eit demokratisk samfunn.

Statens helsetilsyn arbeider for at befolkninga får gode helse- og omsorgstenester, sosiale tenester og barnevernstenester når dei treng det. Vi samarbeider med fylkesmennene for å lykkast med samfunnsoppdraget. Utviklingsarbeidet handlar om arbeidsmåtane våre, verdigrunnlaget vårt, om respekt og godkjenning av den kunnskapen som pasientar, brukarar og pårørande har om tenestene. Det handlar om grunnleggjande haldningar som fargelegg alle menneskemøte, og om å flytte makt.

I 2014 starta Helsetilsynet og fylkesmennene eit utviklingsarbeid som har hatt styrkt brukarinvolvering i tilsyn som hovudmålsetjing. Det blei etablert ei arbeidsgruppe, heretter kalla arbeidsgruppa, som skulle vurdere ulike løysingar og komme med tilrådingar til leiinga i Statens helsetilsyn om framtidig involveringspraksis.

Medlemmer i arbeidsgruppa har vore representantar frå:

- Voksne for barn, Mental helse, Velferdsalliansen og Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
- fylkesmannsembeta i Telemark, Aust- og Vest-Agder og Hordaland
- alle avdelingar i Statens helsetilsyn

Utviklingsarbeidet er forankra i Strategisk plan 2015–2018 for Statens helsetilsyn. Vi skal vere eit klokt og profesjonelt tilsynsorgan som:

- er profesjonsfagleg sterkt
- kan tenestene
- legg til rette slik at brukarar, pasientar og pårørande kan medverke og være involverte
- har det nødvendige metodiske arsenalet og kan bruke rett verkemiddel til rett tid

og som alltid:

- møter folk med respekt, interesse og merksemd
- er grundig og etterretteleg
- har eit godt nok faktagrunnlag for vurderingar og avgjerder
- formidlar konklusjonar på ein måte som er forståeleg for alle involverte og alle saka vedkjem

Utviklingsarbeidet inneber at ein del arbeidsmåtar hos fylkesmennene og i Helsetilsynet blir endra. Vi skal gjere meir for å leggje til rette for at pasientar, brukarar og pårørande blir høyrde i alle tilsynsaktivitetar. Satsinga har ikkje dreidd seg om enkelt-saker som gjeld reaksjonar mot helsepersonell.

Det har vore ein intens periode med læring og utvikling for alle som har vore tett på arbeidet. Erfaringane frå arbeidet er klare. Fylkesmennene og Helsetilsynet forstår situasjonar og hendingsforløp betre når erfaringane og synspunkta til pasientar, brukarar og pårørande blir tekne i bruk.

SINTEF Teknologi og samfunn har hatt som oppdrag å gjere ei følgjevaluering og har levert sluttrapporten sin frå arbeidet.

Stor takk til arbeidsgruppa og alle som har delt erfaringar og gitt oss innspel, idear og tilrådingar undervegs.

Takk også til fylkesmennene som har teke utfordringa og søkt stimuleringsmidlar til å utvikle andre tilnæringsmåtar som kan gi brukar- og pårørandestemma betre høve til å bli høyrde i tilsyn.

Bodskapen har vore den same frå alle:
Opne opp, høyr oss og bruk oss!

Med *involvering i tilsyn* meiner vi at pasienten, brukaren og/eller den pårørende skal kunne ta del og ha høve til å vere med i éin eller fleire delar av ein tilsynsprosess. Ved å vere involvert er det høve til å påverke.

Ordforklaringar:

Brukar

Ifølgje pasient- og brukarrettslova er ein brukar:

«en person som anmoder om eller mottar tjenester omfattet av helse- og omsorgstjenesteloven som ikke er helsehjelp etter bokstav c.»

Pasient

Ifølgje pasient- og brukarrettslova er ein pasient:

«en person som henvender seg til helse- og omsorgstjenesten med anmodning om helsehjelp, eller som helse- og omsorgstjenesten gir eller tilbyr helsehjelp i det enkelte tilfelle;»

Pårørende

Ifølgje pasient- og brukarrettslova er ein pårørende den personen som:

«pasienten eller brukeren oppgir som pårørende og nærmeste pårørende. Dersom pasienten eller brukeren er ute av stand til å oppgi pårørende, skal nærmeste pårørende være den som i størst utstrekning har varig og løpende kontakt med pasienten eller brukeren (...))»

Involvering i tilsyn

Med involvering i tilsyn meiner vi at pasienten, brukaren og/eller den pårørende skal kunne ta del og ha høve til å vere med i éin eller fleire delar av ein tilsynsprosess. Ved å vere involvert er det høve til å påverke.



1 :

Rettslege rammer for brukarinvolvering i tilsyn

«Det er ikkje lenger eit spørsmål om vi skal involvere, men korleis», har vore leietråden i arbeidet.

Brukarar, pasientar og pårørande har kunnskapar om og erfaringar frå tenestene som fylkesmennene og Helsetilsynet treng for å forstå betre kva som har skjedd, og kva som skjer i verksemdene. Vurderingane som tilsynsorgana gjer, blir betre, og sannsynet for å konkludere betre blir større.

Som offentlig forvaltningsorgan og tilsynsorgan har fylkesmennene og Helsetilsynet eit sjølvstendig ansvar for å greie ut saker så godt som nødvendig før vi konkluderer (forvaltningslova § 17). Når mindreårige er ein del av saka, har vi eit særleg ansvar for å leggje til rette for at dei får gi uttrykk for synspunkta sine.

På somme tilsynsområde har fylkesmennene og Helsetilsynet lovfesta plikt til å hente inn informasjon frå brukarar, pasientar og pårørande. I satsinga har vi jobba med å leggje til rette for meir og betre kommunikasjon og dialog med brukarar og pårørande i all tilsynsverksemd. «Det er ikkje lenger eit spørsmål om vi skal involvere, men korleis», har vore leietråden i arbeidet.

Tilsynssamtalar med pasientar, brukarar og pårørande i planlagt tilsyn

Offentleg forvaltning har lang tradisjon med skriftleg kommunikasjon. Fylkesmennene har også mykje direkte kontakt med innbyggjarane i sin region på telefon og i møte. I planlagt tilsyn reiser fylkesmennene og i nokre tilfelle Helsetilsynet ut til verksemdene. Tilsynsorganet er der for å sjå og høyre korleis verksemda sørgjer for forsvarlege tenester til pasient-/brukargrupper på området som tilsynet skal undersøkje. Informasjon frå brukarar, pasientar og pårørande skal vere med i vurderingsgrunnlaget. Det dreier seg om strukturerte besøk og tilsynssamtalar med tydeleg formål. Ved tilsyn i barnevernsinstitusjonar (tilsynsforskrifta § 8 femte ledd) skal fylkesmennene snakke med barn og unge som bur der. Ved varsel om alvorlege hendingar i spesialisthelsetenesta (spesialisthelsetenestelova § 3-3 a) skal Helsetilsynet invitere etterlatne, og pasienten når det er aktuelt, til ein samtale for å høyre om dei veit noko om det som har skjedd.

Rettsleg sett dreier dette seg om at folk har ein rett til å bli høyrd. Tilsynsorganet har på si side plikt til å leggje til rette for at folk kan dele erfaringane, innsiktene og synspunkta sine.

Brukarinvolveringa i tilsyn er i utvikling, og mykje har skjedd på kort tid. Fylkesmennene og Helsetilsynet ser nye høve og vinn erfaringar med løysingar undervegs i arbeidet.

Brukarrepresentantar som fagrevisor med erfaringskompetanse

Tre av fylkesmennene har i løpet av satsingsperioden hatt brukarrepresentantar med i tilsynsteamet når det har vore gjennomført systemrevisjonar. Desse har fungert som fagrevisorar med erfaringskompetanse. Dei har heilt eller delvis teke del i å planleggje og gjennomføre systemrevisjonar i helse- og omsorgstenester.

Undervegs i dette arbeidet dukka det opp spørsmål knytte til teieplikt. Reglane om teieplikt i forvaltningslova omfattar «enhver som utfører arbeid eller tjeneste for et forvaltningsorgan». Det er ikkje krav om formelt tilsetjingsforhold eller at oppdraget skal vare ei bestemt tid eller ha eit bestemt omfang for at det skal bli omfatta av teieplikta. Teieplikta gjeld for dei som utfører enkeltstående oppdrag for det offentlege utan å vere tilsette i forvaltninga. Ho gjeld også når det er snakk om reine utgreiingsoppdrag.

Tilsynslovgivinga har ikkje ein eigen lovheimel for medverknaden til brukarrepresentantar i tilsyn. Tilsynsorganet har, til liks med forvaltningsorgan generelt, høve til å hente inn den hjelpa dei meiner er nødvendig for å utføre oppdraget sitt.



Fylkesmannen har involvert brukarrepresentantar til å hjelpe til med utgreiing og vurdering av tilsynsarbeidet. Det har altså ikkje vore snakk om at enkeltpersonar har vore involverte i å behandle saker som vedkjem dei sjølve. Med eitt unntak har dei heller ikkje vore pasientar, brukarar eller pårørande i verksemder der fylkesmennene har vore på planlagt tilsyn.


Tilsynsorganet tar på seg eit ansvar når personar som ikkje har eit tilsetjingsforhold, skal hjelpe til for å «utføre arbeid eller tjeneste for forvaltningen». Spesielt viktig er det når oppdraget også kan innebere handtering av opplysningar med teieplikt.

Ei teiepliktserklæring er ei formell stadfesting på at den som skriv under, er kjend med kva plikter deltaking som brukarrepresentant inneber med tanke på teieplikt. Før brukarrepresentanten skriv under, må tilsynsorganet gå gjennom oppgåver og arbeidsformer, dei rettslege rammene for desse og kva oppgåver vedkommande er tiltenkt. Fylkesmannen og Helsetilsynet må, når det er aktuelt, gi nødvendig opplæring om teieplikta. Når det formelle er på plass, set ikkje lovverket eigne grenser for kva innsyn

brukarrepresentantane kan ha i opplysningar som ligg under teieplikta. Det same kravet til habilitet må stillast til brukarrepresentantar som til andre tilsette.

Helsetilsynet ser det ikkje som nødvendig eller ønskjeleg med særskild lovregulering for å kunne bruke brukarkompetanse i tilsynsarbeidet. Arbeidsprosessane i planlagde tilsyn og handtering av tilsynssaker er litt forskjellige, men rettsleg sett er det ingen forskjell når det gjeld brukardeltaking i arbeidsprosessane. Dei praktiske utfordringane og løysingane kan likevel vere ulike. Brukarinvolveringa i tilsyn er i utvikling, og mykje har skjedd på kort tid. Fylkesmennene og Helsetilsynet ser nye høve og vinn erfaringar med løysingar undervegs i arbeidet.





2 :

Korleis har vi jobba fram tilrådingane?

Femten av fylkesmennene har, i løpet av perioden, hatt stimuleringsmidlar til å gjennomføre 22 ulike og konkrete utviklingsretta aktivitetar.

Mandatet (*sjå vedlegg 1*) og oppdraget til arbeidsgruppa har kort samanfatta vore:

- Kva gjer fylkesmennene, Helsetilsynet og andre relevante aktørar for å involvere pasientar, brukarar og pårørande i tilsynsverksemd?
- Er dagens involveringspraksis hos fylkesmennene og i Helsetilsynet god nok?
- Er det behov for å gjere endringar i dagens involveringspraksis hos fylkesmennene og Helsetilsynet?
- Korleis kan fylkesmennene og Helsetilsynet gjere meir for å involvere pasientar, brukarar og pårørande i all tilsynsverksemd?

Tilrådingane frå arbeidsgruppa skal bidra til å sikre at brukarperspektivet blir teke hand om i alt tilsynsarbeid når satsingsperioden er over.



Tilrådingane byggjer på utviklingsretta arbeid og praktiske erfaringar som fylkesmennene og Helsetilsynet har gjort i perioden 2014 – 2018. Erfaringane er for ein stor del hausta i utviklingsarbeid som er sett i gang ved hjelp av pengar som Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har stilt til disposisjon dei fire åra satsinga har vore i gang.


Femten av fylkesmennene har, i løpet av perioden, hatt stimuleringsmidlar til å gjennomføre 22 ulike og konkrete utviklingsretta aktivitetar (*sjå vedlegg 2*). Målet har vore meir brukarinvolvering i tilsyn.

Fylkesmennene og Helsetilsynet har parallelt jobba med brukarinvolvering i planlegging og gjennomføring av landsomfattande tilsyn 2016, 2017 og 2018. Samtidig har Avdeling for varsel og operativt tilsyn i Helsetilsynet vidareutvikla praksisen sin med å involvere pårørande i enkeltsaker. Det dreier seg om handtering av varsel om alvorlege hendingar i spesialisthelsetenesta etter spesialisthelsetenestelova § 3-3 a.

Arbeidsgruppa har arrangert erfaringssamlingar og seminar (sjå vedlegg 3) for å få innspel til tilrådingane.

Helsetilsynet har gjennomført fleire litteratursøk i norske og internasjonale kjelder. Tilsynsomgrepet er krevjande å omsetje til gode litteratursøk. Vi har derfor også prøvd å finne forskning om brukarmedverknad i tilgrensande fag-område som kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid. I tillegg har vi nytta snøballmetoden. Det vil seie at vi har vore ute etter å finne forskings- og fagmiljø som har mykje kunnskap om involverings- og medverknadsprosessar. Særleg har Care Quality Commission i England og The Dutch Health and Youth Care Inspectorate i Nederland vore aktive dei siste åra med forskning om brukarinvolvering i tilsyn og effekt av tilsyn. Målet har vore å skaffe oversikt over erfaringar frå og kunnskap om medverknadspraksis i tilsynsorgan, andre offentlege organ og verksemder.





3

Tilrådingane frå arbeidsgruppa

Tilrådingane konsentrerer seg om korleis fylkesmennene og Helsetilsynet kan og bør

- sikre leiingsforankring
- gå gjennom retningslinjer og rettleiarar som er styrande for tilsynsverksemda
- vurdere korleis Tilsynsskolen gjennom opplæringstilbodet sitt kan bidra til å sikre at brukarperspektivet blir teke hand om i all tilsynsverksemd

Ein del av tilrådingane er allereie følgde opp av fylkesmennene og Helsetilsynet, og ny praksis er etablert. Arbeidsgruppa meiner at det gjennom satsingsperioden er lagt eit godt grunnlag for styrkt brukarinvolvering i tilsyn. Likevel er det berre ein start. Det står att mykje utviklingsretta arbeid før det å involvere pasientar, brukarar og pårørande er ein sjølvsgd del av verksemda til fylkesmennene og Helsetilsynet. Mykje tyder på at somme er godt i gang, at organisasjonskulturar og haldningar er i endring.

«Kravet til medverknad fordrar ei kulturell reise – det er ikkje symbolhandlingar.» Assisterande direktør i Helsetilsynet Jo Kittelsen, i møte september 2017 med tilsynsleiarar hos fylkesmennene

3.1 Styring og leiing

Solid forankring i leiinga er avgjerande for å sikre god involveringspraksis. Verksemdsplanlegging, verksemdsrapportering, oppdragsdokument, rettleiingsmateriell og opplæringsaktivitetar er sentrale element i styringa av tilsynsarbeidet hos fylkesmennene og i Helsetilsynet.

Resultatmål for fylkesmennene og avdelingane i Helsetilsynet må skildre og føre til god praksis for brukarinvolvering. Leiinga på alle nivå både hos fylkesmennene og i Helsetilsynet må vurdere brukarinvolvering kvar gong han gir tilsynsoppdrag i eiga verksemd. Blir det vurdert at brukarinvolvering ikkje er nødvendig, relevant eller at det er i strid med dei retningslinjene og styringssignala som gjeld, må saksbehandlarane grunngi det spesielt før leiinga tek avgjerda.

Solid forankring i leiinga er avgjerande for å sikre god involveringspraksis.

Erfaringsgrunnlag

- «Hvordan skal man snakke til dem, hørte jeg» – brukerrepresentanter reflekterer om brukerinvolvering i tilsyn. Brukerrepresentantenes artikkel er kapittel 5 i denne rapporten.
- Erfaringer fra Arbeidsgruppen «Styrket involvering av pasienter, brukere og pårørende i tilsyn». Fylkesmannsrepresentantens artikkel i denne rapporten.
- Følgeevaluering av prosjektet «Styrket involvering av pasienter, brukere og pårørende i tilsyn». SINTEF Digital. Rapport 2018:00889. Oslo, 2018.
- Brukermedvirkning i tilsynsarbeid. Evalueringsrapport fra prosjektet «Styrket involvering av pasienter, tjenestemottakere og pårørende i tilsyn» hos Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Marit By Rise, professor ved NTNU.

Arbeidsgruppa rår til at

- leiinga i Helsetilsynet bruker den vanlege styringsdialogen med fylkesmennene og avdelingane i Helsetilsynet for å synleggjere forventninga om brukarinvolvering i tilsynsarbeid
- leiinga i Helsetilsynet gir fylkesmennene og avdelingane i Helsetilsynet tydelege resultatmål for brukarinvolvering ved rapportering og vurdering av resultatoppnåing
- leiinga i Helsetilsynet sørgjer for at opplæringsaktivitetar, retningslinjer og rettleingsmateriell er oppdaterte, og at dei gjer greie for arbeidsmåtar for involvering av pasientar, brukarar og pårørende

Avgjerda i leiinga

- Forventningar om brukarinvolvering blir formidla både i munnleg styringsdialog med fylkesmennene og avde lingane i Helsetilsynet og gjennom oppdragsdokument. Der det er mogleg og nødvendig, blir det gitt resultatmål.
- Oppgåver blir tekne inn i verksemdsplanlegginga for 2019. Det kan gjelde utarbeiding av nytt materiell og gjennom gang og revidering av
 - kompetansehevingstiltak
 - retningslinjer
 - rettleiingsmateriell

3.2 Kompetanseheving hos fylkesmennene og i Tilsynsskolen

Det grunnleggjande spørsmålet i tilsyn er: Gir denne verksemda fagleg forsvarlege tenester til dei som treng det?

Tilsynsskolen har som mål å vere eit samanhengande kvalifiseringsopplegg for alle som jobbar med tilsyn i barnevernstenester, sosiale tenester i Nav og i helse- og omsorgstenester.

Arbeidsgivaren har ansvar for opplæring, praksisrettleiing og kompetanseutvikling for eigne medarbeidarar. Dei ulike kurstillboda ved Tilsynsskolen skal støtte opp om ansvaret til arbeidsgivaren.

I dialog med Tilsynsskolen rår arbeidsgruppa til at brukarinvolvering skal vere integrert i undervisningsopplegget. Tilrådinga blir følgd opp. Kva som kan vere god involveringspraksis, blir tematisert både i *introkurset*, *basiskurset* og *temakurset om gjennomføring og leiing av systemrevisjon og andre tilsyn på staden*. I *kurs i samtalar med barn i barnevernsinstitusjon* og *vidaregåande kurs i undersøkingar av alvorlege hendingar* er samtalepraksis sentrale tema.

Dersom vi skal ta oppdraget vårt på alvor, må brukarinvolvering også i større grad integrerast i opplæringsbolkane i Tilsynsskolen.

Arbeidsgruppa meiner det er behov for fordjuping på nokre tema knytte til brukarinvolvering. «Korleis gjennomføre samtalar med pasientar, brukarar og pårørande i tilsynssamanheng», er eksempel på eit slikt tema. Eit anna tema det er viktig å jobbe godt med, er korleis tilsynsorganet skal bruke og integrere informasjonen frå pasientar, brukarar og pårørande i vurderingar og konklusjonar. Arbeidsgruppa meiner også at det er stort potensial for erfaringsoverføring mellom dei eksisterande temakursa.

Tilsynsskolen er ein viktig arena for å bidra til at praksisen for pasient- og brukarinvolvering i tilsyn blir endra. Behov for kompetanseheving handlar slik arbeidsgruppa vurderer det, om to spørsmål:

- Kva treng saksbehandlarar, revisorar og revisjonsleiarar å kunne for at fylkesmennene og Helsetilsynet kan seie at dei har god praksis for involvering av pasientar, brukarar og pårørande?
- Korleis kan fylkesmennene og Helsetilsynet førebu brukarrepresentantar slik at dei kan ta del i tilsynsteam og bidra til å planleggje, gjennomføre og avslutte tilsyn?

«Vi treng ytterlegare styrking gjennom kompetanseheving og metodeutvikling. (...) Dersom vi skal ta oppdraget vårt på alvor, må brukarinvolvering også i større grad integrerast i opplæringsbolkane i Tilsynsskolen. For eksempel kjenner eg meg mykje tryggare og meir kompetent til å involvere brukarar i systemretta tilsyn inn i dei hendingsbaserte tilsynssakene. Denne uvissa påverkar oppfølginga mi av desse sakene.»

Seniorrådgivar Merete Haugen,
Fylkesmannen i Telemark

Som all opplæring elles blir innhaldet i dei ulike kursa ved Tilsynsskolen justert og utvikla i tråd med nye føringar for og utvikling av tilsynspraksisar. Det gjeld også for brukarinvolvering i tilsyn.

Erfaringsgrunnlag

- «Hvordan skal man snakke til dem, hørte jeg» – brukarrepresentanter reflekterer over brukerinvolvering i tilsyn. Artikkelen frå brukarrepresentantane, kapittel 5 i denne rapporten.
- Erfaringer fra arbeidsgruppa «Styrket involvering av pasienter, brukere og pårørende i tilsyn». Artikkelen frå fylkesmannsrepresentanten, kapittel 6 i denne rapporten.
- Følgjeevaluering av prosjekt «Styrket involvering av pasienter, brukere og pårørende i tilsyn». Sintef Digital. Rapport 2018:00886. Oslo, 2018.

Arbeidsgruppa rår til at

- leiinga i Helsetilsynet sikrar at brukarinvolvering i tilsyn gjennomsyrrar opplæringsaktivitetane hos fylkesmennene og i Tilsynsskolen
- leiinga i Helsetilsynet sikrar at innhenting og bruk av informasjon frå pasientar/brukarar/pårørande blir tematisert i alle relevante opplæringsbolkar i Tilsynsskolen
- leiinga i Helsetilsynet i samarbeid med fylkesmennene og brukarrådet vurderer om det er behov for egne temakurs knytte til brukarinvolvering

Arbeidsgruppa meiner følgjande kan vere aktuelle som egne temakurs:

- samtalar/intervju med personar med utviklingshemming, jf. kurs i tilsynssamtalar med barn og unge i barnevernsinstitusjonar og pasientar/pårørande i varsel om alvorlege hendingar i helsetenesta
- planlegging og gjennomføring av tilsyn når ein brukarrepresentant skal ta del som fagrevisor med erfaringskompetanse

«Dere må opprette et brukerråd. Det er et godt sted å starte.»

Avgjerda i leiinga

- Innhaldet i Tilsynsskolen blir kontinuerleg vurdert og revurdert. I 2019 skal det vere særleg merksemd om å hente inn og bruke informasjon frå pasientar brukarar og pårørande, både i Tilsynsskolen og i internopplæringa hos fylkesmennene og i Statens helsetilsyn.
- Vi skal vurdere om det er behov for eigne temakurs om brukarinvolvering i Tilsynsskolen, når vi har fått meir erfaring med å tematisere det i dei ordinære kursa.
- Tvang i kommunale helse- og omsorgstenester er ei toåring tilsynssatsing i 2019 og 2020, og tvungen helsehjelp er tema for landsomfattande tilsyn i 2020. Vi vurderer å utarbeide eit eige temakurs om tvang (helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 og pasient- og brukarrettslova kapittel 4A) i satsingsperioden. Det å hente inn informasjon frå brukarar og pasientar i tilsyn med tvang kjem til å vere sentralt i eit slikt kurs.

3.3 Brukarråd i Helsetilsynet

Dei fire brukarorganisasjonane kom med den første og svært tydelege tilrådinga til Statens helsetilsyn da arbeidsgruppa hadde oppstartmøte i november 2014:

«Dere må opprette et brukerråd. Det er et godt sted å starte.»

Dei fire brukarorganisasjonane som har teke del i arbeidsgruppa, har nærast vore eit minibrukarråd og har lagt eit godt grunnlag.

Leiinga i Statens helsetilsyn vedtok å opprette brukarråd 15. februar 2017. Brukarrådet blei konstituert 20. august 2018 og består av følgjande organisasjonar:

- Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)
- Unge funksjonshemmede
- Samarbeidsforum for funksjonshemmede (SAFO)
- Norsk forbund for utviklingshemmede

- Fagrådet – Rusfeltets hovedorganisasjon
- Voksne for barn
- Landsforeningen for barnevernsbarn
- Mental helse Norge
- Velferdsalliansen
- Pårørendealliansen
- Kreftforeningen

Oppgåvene til brukarrådet er å

- gi råd i saker som gjeld tilsynsoppdraget
- vere eit forum for å utvikle brukarinvolvering i tilsyn vidare, gjennom dialog og ved å evaluere metodar og praksisar
- vere eit forum for å formidle kunnskap og erfaringar frå brukarar, pasientar og pårørende
- bidra til betre tilgang til Statens helsetilsyns avgjerder og produkt, og til betre kontakt mellom Helsetilsynet og brukarar, pasientar og pårørende
- vere eit samarbeidsforum mellom Statens helsetilsyn og brukar- og pårørendeorganisasjonar
- bidra til at medarbeidarane i Statens helsetilsyn får nødvendig innføring og opplæring i prinsipp for god brukarmedverknad og korleis han (kan) praktiserast

Arbeidsgruppa rår til at

- leiinga i Helsetilsynet sikrar at brukarrådet får tilrådingane frå arbeidsgruppa til behandling.
- brukarrådet i Helsetilsynet følgjer med på gjennomføringa.

Avgjerda i leiinga

- Leiinga i Statens helsetilsyn vedtok å opprette brukarråd i februar 2017.



4

Erfaringar frå utviklingsarbeid hos fylkesmennene

Erfaringar og kunnskapar som barn, unge og vaksne har, fyller ut det biletet fylkesmennene dannar seg av behandlings- og tenestetilbodet til befolkninga frå tilsyn og andre kjelder. Dei siste fire åra har fylkesmennene prøvd ut og utvikla arbeidsmåtar som kan gi auka brukarinvolvering i tilsyn. Dei fleste fylkesmennene har gjennomført avgrensa prosjekt og utviklingsretta aktivitetar. Parallelt har dei jobba med meir brukarinvolvering i landsomfattande tilsyn på alle tilsynsområde.

Vedlegg 2 gir oversikt over dei utviklingsretta aktivitetane som skjer hos fylkesmennene som har hatt ekstra stimuleringsmidlar til arbeidet.

Her presenterer vi ei samanstilling av innspel og erfaringar frå

- samtalar med pasientar, brukarar og pårørande i verksemdstilsyn
- fagrevisorar med erfaringskompetanse i tilsynsteam
- dialogmøte med brukarorganisasjonar
- samtalar med pasientar, brukarar og pårørande i tilsynssaker
- kommunikasjon og formidling

4.1 Samtalar med pasientar, brukarar og pårørande i planlagt tilsyn

Fylkesmennene har erfaring med lovheimla tilsynssamtalar med barn og unge i barnevernsinstitusjon. Fylkesmennene har også erfaring med å samtale med menneske med utviklingshemming under tilsyn med korleis kommunane bruker tvang og makt. Fylkesmennene og Helsetilsynet har i fleire år hatt samtalar med pårørande og pasientar etter alvorlege hendingar i spesialisthelsetenesta.

I satsingsperioden har fylkesmennene også hausta erfaringar i samtalar med

- barn og unge i kommunalt barnevern og sosiale tenester i Nav
- bruk av tolk i tilsynssamtalar med einslege mindreårige asylsøklarar under 15 år i omsorgssenter

- personar med utviklingshemming i kommunale helse- og omsorgstenester
- samar med utviklingshemming i kommunale helse- og omsorgstenester
- personar med samtidig rus- og psykisk lidning både i spesialisthelsetenesta og i kommunale tenester.

For somme er livssituasjonen vanskeleg og sårbar heile livet. For dei fleste kan livet vere utfordrande i periodar. Tilsynssamtalar med pasientar, brukarar og pårørande handlar om å lytte og å stille gode, konkrete spørsmål med utgangspunkt i det konkrete tilsynet. Nokre samtalar krev at fylkesmennene og Helsetilsynet har ekstra god innsikt i tenestene og er ekstra dyktige til å snakke med folk.

Voksne for barn¹, Landsforeningen for barnevernsbarn² og Forandringsfabrikken³ har bidratt med verdifulle råd til korleis barn og unge skal møtast når fylkesmennene er på tilsyn i barnevernsinstitusjonar, i det kommunale barnevernet og når fylkesmannen skal behandle ei tilsyns- eller klagesak som vedkjem den unge.

Erik Torjussen frå A-larm⁴ har også bidratt med konstruktive innspel og råd til Helsetilsynet i fleire erfaringssamlingar og seminar. Han har vore brukarrepresentant som fagrevisor med erfaringskompetanse hos Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder i fleire systemrevisjonar.

¹ Voksne for Barn er ein ideell medlemsorganisasjon som jobbar for barns oppvekstvilkår og psykiske helse.
<http://www.vfb.no/no/>

² Landsforeningen for barnevernsbarn er ein medlems- og interesseorganisasjon som jobbar for å betre rettane til barn og unge i møte med barnevernet, og for å endre stereotype haldningar til barnevernet og barnevernsbarn.
<http://barnevernsbarna.no/>

³ Forandringsfabrikken er ei nasjonal stifting som endrar hjelpesystema og skole gjennom samarbeid med barn og unge.
<http://www.forandringsfabrikken.no/>

⁴ A-larm Norge er ein landsdekkjande brukar- og pårørandeorganisasjon innanfor rusfeltet. <https://a-larm.no/>

Dette er nokre av råda desse har gitt oss:

- Snakk med dei som har tenester, *før* de snakkar med leiinga og tilsette, la samtalanane leggje føringar for desse intervjuar.
- Vel klokkeslett, stad og form som er trygge. Kan intervjuet for eksempel gjennomførast på telefon. Kan intervjuet gjerast litt utpå dagen?
- Kan brukaren ha med ein «tryggleiksperson»?
- Avgrens tidsbruken! Er 30 minutt nok?

- Ikkje kom for «stivpynta», hald ein avslappa tone og unngå faguttrykk.
- Understrek diskresjon og anonymitet.

Ungdommane som vi har snakket med, er opptekne av at forsvarleg hjelp og omsorg alltid skal vere tema i tilsyn, og foreslår desse spørsmåla:

- Opplever du at hjelpepersonellet bryr seg om korleis du har det?
- Føler du deg trygg?
- Korleis fungerer hjelpa du får?
- Kva har vore god hjelp for deg? Kva har ikkje hjelpt?

Eksempel på spørsmål som deltakarane på erfaringssamlingar har foreslått:

- Får du god nok informasjon om hjelpesystemet, og forstår du det som blir sagt og skrive?
- Får du kontakt med hjelpesystemet når du treng det?

Eksempel på utviklingsretta aktivitetar hos fylkesmennene (jf. vedlegg 2)

- Fylkesmannen i Nordland
- Fylkesmannen i Telemark
- Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Sosial- og familieavdelinga
- Fylkesmannen i Hordaland
- Fylkesmannen i Telemark
- Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Fylkesmannen i Finnmark

- samarbeidsprosjekt mellom Forandringsfabrikken og fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder, Buskerud, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Rogaland, Troms og Vestfold
- landsomfattande tilsyn 2016 med kommunale helse- og omsorgstenester til menneske med utviklingshemming
- landsomfattande tilsyn 2017 med korleis Bufetat oppfyller bistandsplikta til kommunane ved behov for akuttiltak og institusjonsplass
- landsomfattande tilsyn i barnevernsinstitusjonar 2018 med forsvarleg omsorg – førebygging, gjennomføring og oppfølging av tvang
- landsomfattande tilsyn 2017 og 2018 med kommunale tenester til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning
- landsomfattande tilsyn 2017 og 2018 med spesialisthelse-tenester til pasientar med psykisk lidning og mogleg samtidig ruslidning

Erfaringsgrunnlag

- «La din stemme høres». Rapport frå UnniK AS etter erfarings-samling med vaksne tenestebrukarar og pårørande. Internserien 5/2015, Statens helsetilsyn.
- «La din stemme høres». Rapport frå Voksne for barn etter erfarings-samling med ungdommar. Internserien 5/2015, Statens helsetilsyn.
- «Godt tilsyn av barnas barnevern. Oppsummering av et delprosjekt i Statens helsetilsyns involveringsprosjekt». Rapport frå Bra Barndom AS om eit samarbeid mellom Forandringsfabrikken og fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder, Buskerud, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Rogaland, Troms og Vestfold. 2018.

- Sluttrapport frå Fylkesmannen i Finnmark: «Fylkesmannens tilsyn med brukermedvirkning i kommunale helse- og omsorgstjenester til samer med utviklingshemming».
- «Det gjelder livet. Oppsummering av landsomfattande tilsyn i 2016 med kommunale helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming». Lettlesversjon. Rapport frå Helsetilsynet 4/2017. Oslo: Statens helsetilsyn, 2018.
- Kursmateriell frå «Videregående kurs i tilsynssamtaler med barn»
- Kursmateriell frå internt seminar i Avdeling for varsel og operativt tilsyn og Avdeling for spesialisthelsetenesta med psykologspesialist Helene Høye om «Tilsynssamtaler med mennesker i krise».
- «Veileder for tilsyn utført som systemrevisjon». Internserien 4/2018. Oslo: Statens helsetilsyn, 2018.
- «Veileder i tilsyn med barneverninstitusjoner». Internserien 7/2017. Oslo: Statens helsetilsyn 2017.
- «Prosedyre for gjennomføring og rapportering av stedlig tilsyn med bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming». Internserien 14/2010. Oslo: Statens helsetilsyn, 2010.
- «Tilsyn med kommunens helse- og omsorgstjenester til mennesker med utviklingshemming. Veileder for landsomfattende tilsyn 2016». Internserien 1/2016. Oslo: Statens helsetilsyn, 2016.
- «Veileder for landsomfattende tilsyn 2017 og 2018 med kommunale tjenester til personer med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidelse». Internserien 2/2017. Oslo: Statens helsetilsyn, 2017.
- «Veileder for landsomfattende tilsyn 2017 og 2018. Spesialisthelsetjenester til pasienter med psykisk lidelse og mulig samtidig ruslidelse». Internserien 1/2017. Oslo: Statens helsetilsyn, 2017.

- «Veileder for landsomfattende tilsyn 2017: Bufetats oppfyllelse av bistandsplikten til kommunene ved behov for akuttiltak og institusjonsplass». Internserien 4/2017. Oslo: Statens helsetilsyn, 2017.
- «Veileder for landsomfattende tilsyn i barneverninstitusjoner 2018: forsvarlig omsorg – forebygging, gjennomføring og oppfølging av tvang». Internserien 1/2018. Oslo: Statens helsetilsyn, 2018.

Arbeidsgruppa rår til at

- leiinga i Helsetilsynet sikrar at erfaringar frå dei som får tenester, og pårørande når det er aktuelt, alltid blir henta inn og brukte i planlagt tilsyn
- leiinga i Helsetilsynet sikrar at brukarrådet blir dratt inn i utviklinga av rettleiingsmateriell om å intervju pasientar, brukarar og pårørande i planlagt tilsyn og planlagde systemrevisjonar

Rettleiingsmateriell bør blant anna gjere greie for

- når det er relevant og nødvendig å intervju dei som har tenester
- kompetansen som intervjuaren må ha
- informasjon det kan være aktuelt å spørje etter
- råd om praktiske rammer for og gjennomføring av intervju

Avgjerda i leiinga

- I satsingsperioden er det gjort mange og ulike erfaringar med å samtale med / intervju brukarar i tilsyn, både i landsomfattande tilsyn og i dei tilsyna som fylkesmennene initierer sjølve. Statens helsetilsyn vil i 2019 systematisere og spreie denne metodekunnskapen i ein «erfaringsbank».

4.2 Brukarrepresentantar som fagrevisorar i tilsynsteam

I perioden frå 2016 til 2018 har tre av fylkesmennene hatt med brukar- eller pårøranderepresentantar som fagrevisorar i tilsynsteam i nokre tilsyn. Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder tok initiativ til ei erfaringsamling for revisjonsleiarar og brukar- og pårøranderepresentantar som har gjort til saman 15 systemrevisjonar. Formålet med samlinga var å systematisere erfaringane og å komme med råd til Helsetilsynet om moglege tiltak som kan bidra til at denne tilnærminga blir ført vidare. Samlinga blei finansiert med stimuleringsmidlar frå HOD og gjennomført i samarbeid med Helsetilsynet.

Erfaringsgrunnlaget er avgrensa, men dei tre fylkesmennene og alle brukarrepresentantane er einige om at dette gir tilsyn av betre kvalitet.

Brukarrepresentantane har opplevd det som meiningsfullt å ta del i tilsyn, og dei har også opplevd at dei hadde noko å bidra med i tilsynsteamet. Dei framhevar at dei betre forstår kva rolle tilsynsorganet skal ha, og dei er tryggare på at eventuelle lovbrøt blir avdekte, og at det blir sett i verk tiltak mot lovbrøta, og at praksisen i tenestene blir korrigerde. Undervegs i revisjonar har fleire vore frustrerte over det dei opplevde som for låge krav til tenestene og leiinga av desse. Dei seier at det har vore utfordrande og at dei hadde ønskt meir kunnskap om tilsyn før dei blei engasjerte som fagrevisorar. Opplæringa må tematisere kva som er mogleg, og kva avgrensingar som ligg i tilsynet. Ho må også ta opp kva høve tilsynsorganet har til å følgje opp forhold som blir avdekte, og som ligg utanfor det aktuelle tilsynet, når revisjonen er gjennomført. Kommunikasjonen og stammespråket til tilsynsorganet blei også trekt fram som krevjande å tileigne seg.

Frå fylkesmennene blir det framheva at denne arbeidsforma krev ekstra tid og pengar. Dei seier også at det nokre gonger kan vere meir rett å ha brukarrepresentanten med i planlegginga, men ikkje i gjennomføringa av tilsyn. Planlegging, gjennomføring og opplæring tek naturleg nok meir tid. Brukarrepresentantane skal ha lønn for oppdrag for fylkesmennene og Helsetilsynet på same måten som andre (*sjå vedlegg 4*).

Fleirtalet i arbeidsgruppa meiner at fylkesmennene eller Helsetilsynet alltid skal vurdere konkret i kvart enkelt tilsyn om brukarrepresentanten skal vere med som fagrevisor i tilsynsteamet. Arbeidsgruppa meiner også at leiinga skal grunngi det spesielt dersom denne arbeidsforma ikkje blir brukt. Vidare meiner fleirtalet at nytteverdien kan bli tydelegare over tid, og at det er viktig å hauste fleire erfaringar no som dette er ein «ferskvare». Det kan vere ein idé å spørje brukarrepresentantane sjølve om korleis dei best kan bidra.

Brukarrepresentantane i arbeidsgruppa peiker på maktubalansen som blir i eit tilsynsteam når det berre er ein fagrevisor med erfaringskompetanse med i tilsynsteamet. Dei meiner det vil vere ein styrke å ha med to brukarrepresentantar som kan støtte kvarandre og drøfte løysingar seg imellom.

Eksempel frå utviklingsretta aktivitetar hos fylkesmennene (jf. vedlegg 2)

- Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder
- Fylkesmannen i Trøndelag
- Fylkesmannen i Hordaland
- landsomfattande tilsyn 2017 og 2018 med kommunale tenester til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning
- landsomfattande tilsyn 2017 og 2018. Spesialisthelsetenester til pasientar med psykisk lidning og mogleg samtidig ruslidning

Erfaringsgrunnlag

- Rapport etter arbeidsverkstad. Erfaringsoppsummering frå Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, Fylkesmannen i Trøndelag og Fylkesmannen i Hordaland. 2018.
- «Brukermedvirkning i tilsynsarbeid». Evalueringsrapport frå prosjektet «Styrket involvering av pasienter, tjenestemottakere og pårørende i tilsyn» hos Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Marit By Rise, professor ved NTNU.
- Care Quality Commission i England

- «Veileder for landsomfattende tilsyn 2017 og 2018 med kommunale tjenester til personer med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidelse». Internserien 2/2017. Oslo: Statens helsetilsyn, 2017.
- «Veileder for landsomfattende tilsyn 2017 og 2018 med spesialisthelsetjenesten i 2017–2018. Spesialisthelsetjenester til pasienter med psykisk lidelse og mulig samtidig ruslidelse». Internserien 1/2017. Oslo: Statens helsetilsyn, 2017.

Arbeidsgruppa rår til at

- leiinga i Helsetilsynet og hos fylkesmennene sikrar at det alltid blir vurdert om minst éin brukarrepresentant skal ta del som fagrevisor med erfaringskompetanse i planlagt tilsyn
- opplæringa av brukarrepresentantar i all hovudsak skjer hos fylkesmennene
- leiinga i Helsetilsynet vurderer om opplæringa skal gjennomførast på nasjonalt nivå når brukarrepresentantar skal vere med som fagrevisorar med erfaringskompetanse i landsomfattande tilsyn
- leiinga i Helsetilsynet sikrar at det blir utarbeidd ei opplæringspakke som fylkesmennene skal bruke for brukarrepresentantar

Opplæringspakka bør for eksempel innehalde:

- korleis ein skal gå fram for å rekruttere eigna folk
- korleis ein skal setje opp arbeidsavtale, honorere osv.
- oppgåver det kan vere aktuelt å gi brukarrepresentanten i det konkrete tilsynet
- «brukar spør brukar»-opplæring i samtalepraksis
- *forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helsetjenesten* og anna lovgiving som er relevant i det konkrete tilsynet
- kommunikasjonen og «stammespråket» til tilsynsorganet

Avgjerda i leiinga

- Statens helsetilsyn ønskjer meir styrt utprøving og framleis utviklingsarbeid. Vi ser på korleis det kan vere mogleg å stimulere dette økonomisk, slik at vi kan gi oppdrag til nokre av fylkesmennene i tildelingsbrevet for 2019.
- Brukarrepresentantar som skal ta del i tilsyn, skal ha opplæring. I 2019 vil Helsetilsynet lage ei opplæringspakke med bistand frå nokre av embeta, som også kjem til å få eit oppdrag i tildelingsbrevet. Eit tilleggsoppdrag vil vere å samle råd og tips til fylkesmennene når dei skal ha med fagrevisor.

4.3 Samtalar med pasientar, brukarar og pårørande i tilsynssaker

Tilsynssaker er saker som er behandla på grunn av klager frå pasientar, pårørande og andre kjelder, og som handlar om mogleg svikt i tenestene. For heile landet var det 3581 nye tilsynssaker innanfor helse- og omsorgstenestene i 2017. Dette er eit saksområde som er svært viktig for befolkninga og enkeltpersonar, og det gir eit innblikk i tenestene i kommunar og på sjukehus. Det er heilt nødvendig at sakene blir behandla på ein forsvarleg måte, at dei blir godt opplyste, og at alle involverte blir høyrde før fylkesmennene gjer vedtak.

I 2018 har Helsetilsynet starta utviklingsprosjektet «Handtering av tilsynssaker». Ein av grunntankane er at ressursbruken må stå i høve til alvoret i sakene. Fylkesmennene må ha høve til å prioritere mellom saker slik at dei kan reagere raskt og tilstrekkeleg kraftfullt når det er nødvendig. Prosjektet skal sjå nærare på korleis fylkesmennene i enkeltsaker kan bidra til at verksemdene raskare tek ansvar for å finne løysingar og setje inn tiltak som skal til for at pasient/brukar skal få betre tenester. Pasient-, brukar- og pårørandeperspektivet er eitt av fleire element i dette arbeidet.

Arbeidsgruppa meiner at erfaringane frå utviklingsprosjekta hos fylkesmennene er svært interessante, men er førebels for avgrensa til at det er høve til å gi eintydige tilrådingar om involveringspraksis vidare. Det er svært viktig at utviklingsarbeidet ikkje stoppar opp.

«Lokal avklaring» og dialogmøte i tilsynssaker

Tre av fylkesmennene (Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane) har jobba med ulike former for dialogmøte med brukarar/pasientar/pårørande i tilsynssaker og klager på rettar. Dette dreier seg om enkeltsaker med klager som er retta mot verksemder i helse-tenesta eller enkelte helsearbeidarar. Dei prøver ut alternative måtar å løyse sakene på for å gi pasientar/pårørande høve til å klargjere saka si munnleg og for å korte ned saksbehandlingstida. Dei tre har hatt litt ulike formål med møta.

